



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/2138 - 18/13495

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
12.09.2018

## LAndbrukssak Gbnr 52/8 Kolstad - Søknad om tilskot til utsiktsrydding - Uttale og oversending

Grunneigarane på gbnr 52/3, 52/8 og 55/7 i Radøy kommune har søkt om midlar til utsiktsrydding på sineeigedommar. Kvar grunneigar har søkt om kvar sin del av eit felles prosjekt, kommunen skriv difor ein samla uttale på heile prosjektet. Uttalen vert lagt ved kvar av dei tre søknadane.

Bakgrunn for prosjetet er eit skriv frå naboane til søkarane, der det vert bedt om at skoge vert hogd for å få tilbake utsikta. I tillegg er ein av søkarane sauebonde og vil ta i bruk arealet til beite.

Landbrukskontoret er usikker på om tiltaket kjem inn under ordninga for utsiktsrydding, men ber Fylkesmannen vurdera tilskot til tiltaket. Gardane ligg i same del av kommunen som Bogatunet og det er difor ein del utanbygds frå som brukar vegen forbi dei aktuelle eigedommane.

Kostnadsoverslaget grunneigarane har innhenta synes å vare høgare enn kva som er normalen. Landbrukskontoret har difor bedt søkarane innhente tilbod frå fleire entreprenørar. Pr. no har ikkje grunneigarane fått konkrete tilbod, men betrakteleg lavare summer har blitt nemt av dei som har synfart eigedommane. Kommunen har bedt grunneigarane ettersende eventuelle tilbod til korrigering av søknaden.

Radøy kommune ber om at søknaden vert vurdert, men ser at søknadssummen i dag er for høg i forhold til nytten. Landbrukskontoret ber difor om at søknaden vert vurdert etter at grunneigar har innhentet og sendt inn tilbod frå fleire entreprenørar.

Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Landbrukssak Gbnr 52/8 Kolstad - søknad om tilskot til utsiktsrydding i tilknytning til landbruket sitt  
kulturlandskap  
Ymse dokumentasjon

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN